

Til NVE

Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO,

Uttale Aura II kraftverk og Holbu pumpe, saksnummer 202511633

Om Aursjøvegen og allmen ferdsel

Kva skjer med Aursjøvegen og den allmene ferdselen som er nedfelt i dagens konsesjonsvilkår. Viktig at det i vilkåra for Aura 2 blir teke inn tilsvarande rettighet som sikrar fri ferdsel og den allmene vegretten på heile Aursjøvegen, frå Finnset i Eikesdal til Dalen i Litj dalen.

Nye 420 kV kraftlinjer.

Sjølv om det ikkje er Statkraft som har ansvar for linjenettet, er det synd at oppgraderinga av dagens høgspenninglinjer gjennom Torbudalen og vidare langs austsida av Aursjøen til 420 kV, ikkje i større grad blir koordinert mellom Statnett og Statkraft, og dermed Aura 2-utbygginga.

Overløp Aursjøen

Sjølv om det ikkje blir endringar i HRV på Aursjømagasinet, går det klart fram av konsesjonssøknaden at det etter Aura 2 vil vere muleg å utnytte vassmengda i magasinet enda betre. Med andre ord at det blir enda mindre overløp enn i dag. (Ref pnkt 4.1.1.2)

Det betyr dessverre at det også blir enda mindre vassføring i elvene Aura og Eira. Som igjen betyr forverring av vilkåra for laksen i vassdraget. Frå før er over 70 % av den naturlege vannføringa i Eira overført til Sunndal (Aura og Takrenna) samt Gryttenutbygginga (Mardøla og Bruåna).

Som følgje av dette vil grunnlaget for vilkårsrevisjonen 2021 for Aura og Takrenna, allereie vere endra etter Aura 2. Derfor må det i konsesjonen for Aura 2 på nytt vurderast minstevannføring i Aura og Eira-vassdraget.

Kva med å sleppe meir vatn frå Stordalsåa, ved ei enkel lukeanordning ved sperredammen og tunnelen ned til Aursjøen, som kan frigjere vatn vidare nedover vassdraget til Eikesdal.

Tiltak ved takrenneinntaka

Nedstrøms demninga på Aursjøen, er det 8-9 bekkar utover mot Brønnhøbrystet og Gravidalen som er tatt inn i Takrenna som fører vatnet vidare ned til Aursjøen. Forstår det slik at ved desse inntaka skal det utførast justeringar i utforminga som gjere at mest muleg vatn blir fanga opp av Takrenna. Saknar konkrete beskrivelsar av dette, om kva tekniske endringar som skal utførast her.

Eresfjord 12.januar 2026

Bjørn Magne Øverås

Neråsvegen 60

6470 Eresfjord

bjornma@outlook.com

(Eigar av hytte ved Aursjøen, saman med Turid L Øverås)